

Erklæring etter åpenhetslova 2025





Organisering og drift

Eide-familien har ein tradisjon for matproduksjon som strekkjer seg attende til 1600-talet. I snart 50 år har me vore med og bidrege til utviklinga av den norske oppdrettsnæringa. Vårt perspektiv har alltid vore langsiktig, det skal det fortsetje å vera.

Det meste av laksen produsert i Norge, om lag 90%, vert eksportert til andre land. EU er den største marknaden, medan USA er det største enkeltlandet. Totalt vert norsk laks eksportert til over 100 ulike land verda over.

Eide-konsernet består av 9 selskap og hadde i 2025 182 årsverk og en omsetning på 1,96 milliardar kroner.



Morselskapet i Eide-konsernet er Eide Fjordbruk Holding AS («Eide»). Eide Family AS tek seg av sentrale administrative oppgåver for konsernet. Matfiskproduksjonen i sjø skjer i dotterselskapet Eide Fjordbruk AS, medan settefiskproduksjonen skjer i dotterselskapet Eide Smolt AS. Eide Brandasund AS utfører slaktetenester, Eide Seafood AS er konsernets salsselskap og Eide Båt AS leverer driftstenester til produksjonsselskapa i konsernet. Watermoon AS driv utvikling og kommersialisering av Eide sin nye teknologi for framtidens havbruk – Watermoon®. Salmon Eye AS driftar konsernet sitt visningssenter Salmon Eye.

Denne erklæringa gjelder for regnskapsåret 2025 og omfattar alle konsernselskapa. Illustrasjonen på siste side viser konsernselskapa som sjølv har plikter etter åpenhetslova, og konsernselskapa som blir dekkja gjennom rapporteringa til morselskap eller andre konsernselskap.

Leverandørkjeda

I 2025 har Eide-konsernet hatt om lag 1000 leverandørar. Talet på leverandørar omfattar alle leverandørar av varer og tenester til konsernselskapa, mellom anna til produksjon av matfisk og settefisk, drift av båtar og anlegg, utvikling, sal og administrasjon.

All verksemd skjer i Norge, hovudsakleg i Vestland fylke. Våre produksjonslokalitetar strekkjer seg frå Bremanger i nord til Hardanger i sør. Hovudkontoret til konsernet ligg i Hålandsdalen i Bjørnafjorden kommune.

Me handlar i hovudsak varer og tenester frå lokale, norske verksemdar. Dette inkluderer mellom anna alle våre smoltleverandørar, elektro og automasjon, verft for reparasjon og vedlikehald av båtar, leige av båtar for behandling av fisk og kjøp av slakteritenester.



Me har òg ein del leverandørar av varer og tenester i andre europeiske land. Dette er hovudsakleg varer eller tenester som er tilverka med avansert arbeidskraft. I nokre tilfelle, for eksempel ved kjøp av større utstyr som fôrflåtar eller båtar, vil skrog kunne være produsert av underleverandørar på utanlandske verft utanfor Europa. Disse varene er gjerne produsert med en kombinasjon av avansert og manuell arbeidskraft.

Retningslinjer og rutinar

Vårt arbeid med å handtere risiko for brot på menneskerettane er forankra i vår visjon om å «Sette standarden for framtidens havbruk». Etter vårt syn er det ikkje mogeleg å sette standarden for noko som helst utan ei grunnleggande respekt for menneskerettane i alt me gjer.

Vidare er arbeidet forankra i våre kjerneverdier; Samarbeidsvillig, Uredd, Påliteleg og Nytenkjande. I påliteleg ligg det at me skal ha tillit til kvarandre og stå for det me seier og gjer. I verdien uredd ligg mellom anna at me skal tørre å sei ifrå når noko er gale, og tørre å gå våre egne vegar. Me forventar det same frå våre leverandørar.

Me har også definert fire løfter som skal være førande for korleis me driv verksemda vår. Me kallar dette for våre fire F-ar; Folk, Fisk, Fjord og Framtid. Løftet Folk handlar både om korleis me tek vare på folka i verksemda, både dei tilsette og folk hjå innleigde eller leverandørar, om forholdet til folk i lokalsamfunna der me driv, og om folka som til slutt skal ete produkta me lagar.

I tillegg til desse overordna retningslinjene har me definert etiske retningslinjer for verksemda og våre leverandørar.

Gjennomføring av interne aktsemdsvurderingar for Eide vert utført i samarbeid mellom funksjonane innkjøp, økonomi, berekraft og kvalitet. Det overordna ansvaret for gjennomføring og samsvar med lovkrav ligg hjå leiinga og styret.


Eide har dei siste åra oppdatert dei interne styringssystema sine og retningslinjer for utføring av aktsemdsvurderingar i samsvar med krava i åpenhetslova. Det er utarbeidd ein prosedyre for arbeid med åpenhetslova i konsernet, med tydeleg fordeling av ansvar for vedlikehald av prosedyren og for utføring av aktsemdsvurderingar.

Eide sitt arbeid med aktsemdsvurderingar gjennomførast i samsvar med OECDs retningslinjer og deles inn i fire steg. Formålet med stega er å (1) plassere ansvar og tilpasse retningslinjer, (2) vurdere risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i egen verksemd og i leverandør-/verdikjeda, (3) iverksette egne tiltak for å forebygge, redusere og/eller sanse negative konsekvensar eller risiko for negative konsekvensar, samt (4) sikre at tiltak har tilstrekkeleg effekt og identifisere behov for nye tiltak.

Oppfølging av leverandørar innanfor områder med høg risiko handterer me hovudsakleg gjennom informasjonsinnhenting.

I år er det tredje året Eide publiserer ei Erklæring etter åpenhetslova. Erklæringa til Eide er basert på årleg risikovurdering av eiga verksemd og leverandørar/forretningspartnarar, løypande risikovurdering av nye leverandørar, og særskild oppfølging av leverandørar innanfor høgrisikogrupper når det vurderast som nødvendig.

Dersom det blir avdekt forhold som krev tiltak utover dette, blir eigna tiltak vurderte og sett i verk.



**Låg risiko:**

Varer og tenester produsert med avansert arbeidskraft i land med solid beskyttelse av menneskerettar/arbeidsforhold

**Moderat risiko:**

Varer og tenester som anten er produsert av manuell arbeidskraft, eller i land med svak beskyttelse av menneskerettar/arbeidsforhold

**Høg risiko:**

Varer og tenester produsert av manuell arbeidskraft i land eller område med svak beskyttelse av menneskerettar/arbeidsforhold



I egen verksemd er det risiko knytt til HMS og arbeidsrelaterte skadar

Risikokartlegging og funn

Kartlegging av risiko

Me har gjennomført ei kvalitativ, risikobasert vurdering der me har gått igjennom ulike aktiviteter i eigen verksemd og leverandørkjeda, og kartlagt risiko særleg knytt til geografi og produkt. Den ibuande risikoen har me kategorisert basert på kva land vara eller tenesta normalt vert levert frå og kva type arbeidskraft som vært nytta.

Faktiske negative konsekvensar

Basert på arbeidet me har gjort og den informasjonen me har fått til no, har me har ikkje avdekka faktiske brot på grunnleggjande menneskerettar, eller mistanke om slike brot, verken i eigen verksemd, eller hos våre leverandørar eller forretningspartnarar. Me har heller ikkje avdekka alvorlege faktiske negative konsekvensar knytt til anstendige arbeidsforhold. I 2025 hadde Eide-konsernet 12 arbeidsrelaterte skadar, i hovudsak knytt til mindre kutt-, fall- og klemskader.

Risiko i eigen verksemd

Eide-konsernet opererer i Norge, et land med høy grad av rettstryggleik, sterke arbeidslivsstandardar og omfattande beskyttelse av grunnleggjande menneskerettar gjennom nasjonale lover og reguleringar. Arbeidstilsynet og andre tilsynsorgan verkar som velfungerande kontrollmekanismer. Basert på dette vurderer vi risikoen for alvorlege brot på menneskerettar i Eide-konsernet si egen verksemd som lav.

Deler av konsernet, som Eide Fjordbruk, driv med aktiviteter som inneber arbeid på sjøen i vår og vind. Me har identifisert at det er ibuande risiko relatert til HMS, under dette arbeidsrelaterte skadar. Dei vanlegaste skadane er mindre alvorlege kutt- og klemskadar, samt fallulukker, men det er òg risiko for alvorlege ulykker.

Eide har implementert eit omfattande kvalitets- og HMS-system for å ivareta arbeidsmiljø og sikkerheit. Dette systemet er tilgjengeleg for alle tilsette, og alle underleverandørar som arbeidar på våre anlegg pliktar å setja seg inn i og følgje våre HMS-reglar. Ved arbeidsrelaterte hendingar gjennomfører me detaljerte undersøkingar for å identifisere årsaker og potensielle farar. Basert på funna, tek me i bruk kontrollhierarkiet (eliminere – erstatte – redesigne – rutinar – beskytte) for å fastsetje effektive korrigerande tiltak. Mange av farane i havbruk kan ikkje eliminerast fullstendig. Arbeidet handlar derfor ofte om å designe gode prosesser, med rutinar, sjekklistar, opplæring og øving. Restrisiko blir handtert med eigna verneutstyr. På bakgrunn av eksisterande tiltak innan HMS vurderer me risikoen for negative konsekvensar på anstendige arbeidsforhold som låg.

Risiko i leverandørkjeda


Når det kjem til potensiell risiko i leverandørkjeda og hos forretningspartnere, er vår vurdering at det er høgst risiko knytt til to grupper av leverandørar. Høgrisikogruppene er:

- Leverandørar av fiskefôr
- Leverandørar av nøter og tauverk

Me kjøpar årleg inn store volum fiskefôr frå våre leverandørar. Fôret består typisk av en blanding av vegetabiliske ingrediensar (soya, raps, solsikke, mais, bønner og kveite) og marine ingrediensar (fiskeolje og fiskemjøl). Råvarene til fôret kjem frå mindre underleverandørar i ei rekke ulike land, ofte i Sør-Amerika og Asia, der fleire av landa kan reknast å ha låg grad av beskyttelse. Det er særleg risiko knytt til produktet soya, der det er risiko for urfolks rett, som landrettar, samt avskoging og lokal forureining. Det er også risiko knytt til marine ingrediensar frå havfiske i internasjonalt farvatn og prosessering, der det er risiko for utnyttning og dårlege arbeids- og buforhold.



Leverandørkjeda for råvarer til fiskefôr er eit område med høy ibuande risiko



Leverandørkjeda for nøter og tauverk har òg høg ibuande risiko

Når det gjeld nøter og tauverk, skjer produksjonen av desse produkta ofte med manuell arbeidskraft og i land med låg grad av beskyttelse, som India. Her er det risiko for dårlege arbeidsforhold, tvangsarbeid og barnarbeid.

I 2025 har me hatt 6 leverandørar innanfor desse to høgrisikogruppene. Me har ikkje fått kjennskap til konkrete tilfelle med avdekka negative konsekvensar. Basert på informasjonen me har fått, vurderer me at leverandørane våre i høgrisikogruppene har etablerte rutinar og retningslinjer for risikovurdering, innkjøp og leverandørkontroll, samt gjennomføring av revisjonar og tilsyn der risikoen er høgast. Dei fleste av desse leverandørane har òg ei eller fleire tredjepartssertifiseringar som ytterlegare reduserer risiko, eksempelvis Global GAP, ASC, ISO 9001 eller «Great place to work», og er sjølv underlagt krav om rapportering etter åpenhetslova. Basert på dette vurderer me at risiko etter eksisterande tiltak hjå våre leverandørar er akseptabel.

Våre tiltak

I 2025 har vårt hovudfokus vore å jobbe vidare med interne rutinar for arbeid med aktsemdsvurderingar, samt å fylje opp arbeid med dette hos leverandørar innanfor område med høg risiko.

Me har i 2025 fortsett å jobba med Eide sine generelle vilkår for innkjøp av varer og tenester, der krav knytt til åpenhetslova og etterleving av dei etiske retningslinjene våre er inkludert. For leverandørane i høgrisikogruppene har me hatt eit ekstra tiltak knytt til å innhenta signert erklæring på dei etiske retningslinjene våre.

I 2025 har me også fortsett arbeidet med policyar, inkludert ein eigen policy for innkjøp som viser til dei etiske retningslinjene våre, og ein policy for fôr og fôrråvarer. Policyen for fôr og fôrråvarer har vorte særskilt følgd opp mot leverandørane våre av fôr.

Vidare oppfølging og konklusjon

Nokre av tiltaka me vil jobba vidare med er å vidareutvikla rutinar og system for oppfølging og gjennomføring av aktsemdsvurderingar. Me vil òg ha fokus på å auke kunnskapen internt knytt til dette arbeidet – at tilsette kjenner dei nye policyane og at relevante prosedyrar og retningslinjer blir fylgt.

I tillegg vil me fortsette det systematiske arbeidet innan HMS, samt særskilt følgja opp leverandørar innan fiskefôr, nøter og tauverk.

Basert på at me gjer eigne risikovurderingar og innfører tiltak der risikoen er størst, meiner me at risikoen for brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i all hovudsak er låg.

Frå tiltaka me jobbar vidare med forventar me å kunna halda risikoen for framtidige negative konsekvensar låg, og sikre ei formålstenleg handtering av eventuelle faktiske konsekvensar.

Eidestøa, 29. juni 2026

Randi Herre Eide**Sondre Eide****Erlend Eide****Björg Marit Eide****Magne Hop****Erik Sørheim**

På vegne av

Eide Fjordbruk Holding AS

Randi Herre Eide (styrets leder)
Sondre Eide (styremedlem)
Erlend Eide (styremedlem)
Björg Marit Eide (styremedlem)
Magne Hop (styremedlem)

Eide Family AS

Sondre Eide (dagleg leder og styremedlem)
Randi Herre Eide (styrets leder)
Erlend Eide (styremedlem)

Eide Fjordbruk AS


Erik Sørheim (dagleg leder)
Sondre Eide (styrets leder)
Erlend Eide (styremedlem)
Randi Herre Eide (styremedlem)

Eide Båt AS

Erlend Eide (dagleg leder og styremedlem)
Sondre Eide (styrets leder)
Randi Herre Eide (styremedlem)

Eide Seafood AS

Sondre Eide (dagleg leder og styrets leder)
Erlend Eide (styremedlem)
Randi Herre Eide (styremedlem)



● Konsernselskap som har plikter etter åpenhetsloven

● Andre konsernselskap som er dekket av erklæringa

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Magne Hop

Underskriver

På vegne av: Magne Hop

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5998-4-1018680

IP: 82.134.xxx.xxx

2026-06-29 08:16:32 UTC



QES



Björg Marit Eide

Underskriver

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5993-4-4983229

IP: 92.221.xxx.xxx

2026-06-29 15:12:54 UTC



QES



Erik Sørheim

Underskriver

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5993-4-2397453

IP: 51.174.xxx.xxx

2026-07-03 10:10:03 UTC



QES



Sondre Eide

Underskriver

Serienummer: sondre@efb.no

IP: 77.18.xxx.xxx

2026-07-05 13:49:49 UTC

Erlend Eide

Underskriver

Serienummer: erlend@efb.no

IP: 109.179.xxx.xxx

2026-07-07 07:12:38 UTC

Randi Herre Eide

Underskriver

Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5993-4-3413963

IP: 77.16.xxx.xxx

2026-07-23 12:45:19 UTC



QES



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se <https://eutl.penneo.com>.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.